Kartverket

# Administrer tilgangar til NRL i Altinn

Rettleiinga finnast på bokmål her

Nasjonalt register over luftfartshinder nyttar Altinn for å styre kven som kan rapportere til NRL. For å rapportere på vegner av ei verksemd, må ein anten

- ha rolla Utfyller/ Innsender for verksemda
- ha fått tildelt rett til tenesta "Nasjonalt register over luftfartshinder" av nokon med rolla Hovedadministrator/ Tilgangsstyring for verksemda

Rollene Utfyller/ Innsender, Hovedadministrator og Tilgangsstyring er tildelt på førehand i Altinn til mellom anna dagleg leiar, innehavar og leiaren i styret.

Om du skal rapportere til NRL, men ikkje har ei av desse rollene, må nokon med rollene Hovedadministrator eller Tilgangsstyring gi deg tilgang. Her ser du korleis du tildeler og fjernar rett til tenesta "Nasjonalt register over luftfartshinder".

Nedst finn du rettleiing til korleis ein sjekkar kva rettar ein har for ei verksemd.

Les meir om ulike roller i Altinn.

## Tildele rett til tenesta "Nasjonalt register over luftfartshinder"

For å tildele rett til tenesta "Nasjonalt register over luftfartshinder", gjer slik:

1. Logg inn i Altinn og vel verksemda du skal representere frå lista over aktørar.




2. Gå til menyen *Profil*




3. Vel *Andre med rettar til verksemda* og *Legg til ny person eller verksemd*




4. Legg inn fødselsnummer og etternamn til rett person, og klikk *Neste*.




5. Vel *Gi tilgang til enkelttenester*, og søk *Nasjonalt register over luftfartshinder*.

6. Klikk på *Gi rettar* og *Ferdig*. Merk at det kan gå ca. 1 time frå retten er tildelt i Altinn til han er oppdatert hos Kartverket.




# Fjerne tilgang til tenesta "Nasjonalt register over luftfartshindre"

1. Logg inn i Altinn og vel verksemda frå lista over dine aktørar.

2. Vel menyen *Profil*




3. Vel *Andre med rett til verksemda.*

4. Trykk på *Gi eller fjerne tilgang* til høgre for rett person.




5. Trykk på «Fjern ein eller fleire tilgangar».




6. Finn «Nasjonalt register over luftfartshindre» på lista over enkelttenester, klikk *Fjern* og til slutt *Ferdig*.

# Sjekke kva rettar du har for ei verksemd

1. Logg inn i Altinn og finn rett verksemd fra lista over dine aktørar.




2. Vel menyen *Profil*.




3. Klikk på *Skjema og tenester du har tilgang til*.

